



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Varslingsøving kommunane i Møre og Romsdal utanfor kontortid.

3. oktober 2017

Evaluering

1 Innleiing

Varslingsøvinga vart først varsla i brev frå Fylkesmannen (FM) 21.03.2017 «Samfunnstryggleik og beredskap - kommuneretta aktivitet i 2017». Øvinga var meldt avvikla utanfor kontortid i veke 40, 02.-06.10.2017.

Øvinga vart gjennomført tysdag 03.10.2017. Første varsel på e-post vart sendt ut kl 16:51 til kommunane sine beredskapsadresser. Kort tid etter, kl 16:52, vart det sendt varsel på SMS i h.h.t. varslingsliste for kommunal kriseleiing.


2 Øvingsmål

Det var på førehand sett eit øvingsmål for øvinga. Det var at kommunane skulle kvittere for mottatt varsel frå FM, helst med ei kvittering pr. kommune. Elles var øvinga godt egna til å avdekke mulege feil eller manglar i varslingslister, både hjå FM og hjå kommunane.

3 Gjennomføring

Første kvittering kom allereie kl 16:54. Alle dei 36 kommunane i fylke svarte på varselet, og siste kvittering på e-post er registrert kl 13:34, dagen etter.

19 av 36 kommunar sendte berre ei kvittering på varslet. 2 kommunar sendte 6 kvitteringar. Figuren nedanfor viser grafisk fordelinga i talet på kvitteringar samalikna med liknande øving i 2016



4 Evaluering

Øvingsmål – mottak av beredskapsvarsel:

Det er veldig positivt at alle kommunane fekk til å kvittere for mottatt varsel innan rimeleg tid.

Denne gongen har fleire enn halvparten av kommunane sendt berre ei kvittering. Det er ei positiv utvikling isolert sett, men vi fekk fleire kvitteringar på denne øvinga samanlikna med same øving i fjor. Det trekke heilskapsinntrykket noko ned, og var ikkje venta. Øvinga sett under eitt er dette

likevel også denne gongen berre delvis bestått. Her ligg det framleis eit forbettringspotensiale for kommunane i å bli meir samkøyrd internt på kven som gir tilbakemelding på beredskapsvarsel.

Avdekking av feil og manglar i varslingslister:

Vi fekk i ikkje meldt mange feil på e-postvarslingsadresser ved dette høve. Vi fekk derimot nokre spørsmål frå nokre medlemmar i kriseleiing som meinte dei skulle hatt melding på SMS. Det tydar på at dei ikkje har fått med seg endringane FM gjorde i varslingsrutinar med verknad frå 20.04.2017, då vi etter det berre varslar ordførar, rådmann og beredskapskontakt på SMS.

Konklusjonar og funn i elektroniske evalueringsskjema på Survio etter øvinga:

Vel 94% av kommunane melder at dei har etablerte rutinar for kvittering beredskapsvarsel frå FM. Ein tilsvarande prosentdel av kommunane seier at varslingsrutinane er gjort kjend for dei som mottar beredskapsvarsel internt. Det er likevel berre vel 72% av kommunane som har gjort FM sin endring i varslingsrutinane kjend internt, så her er det eit potensial for betring.

Vel 66% av kommunane seier at dei ikkje har gjennomført egne varslingsøvingar, og 55% svarar nei på spørsmålet om FM bør gjennomføre fleire enn to varslingsøvingar for året. Vi er kanskje litt overraska over det siste svaret, særleg med tanke på at øvinga totalt sett viser at mange kommunar har ein del å gå på for å bli betre på kvittering av varsel frå FM. Og særleg med tanke på at om lag 94% av kommunane samstundes seier at dei har hatt nytte av øvinga.

Over 60% av kommunane seier at dei ikkje har evaluert varslingsøvinga i trå med krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt, så her er det også eit potensial for betring.

Funn i praktisk gjennomføring av øvinga:

Vi har fått tilbakemeldingar frå nokon kommunar at det har fått mange kvitteringar frå andre kommunar som var mynta på FM. Vi har nok fått dei meldingane vi skulle ha, men at alle dei andre kommunane skulle få dei også vel vi å tru ikkje var tilsikta. Vi trur årsaka er at dei som skal kvittere på meldinga til FM har brukt knappen «Svar til alle» i staden for «Svar». Dette er uheldig om det er ikkje er tilsikta, og kan i verste bli støy som kan bidra til å korke varslingskanalen ved ei reel større regional krise. Ein liten internt gjennomgang på bruk av svaralternativa på e-post i outlook vil kunne eliminere dette for seinare høve.

Konklusjon:

FM ser at kommunane treng meir øving på mottak av beredskapsvarsel då det er eit stort potensial for mange å bli betre på dette. Det er ikkje spesielt ressurskrevjande for FM å gjennomføre slike øvingar, og vi vil vurdere å gjennomføre liknande øvingar for kommunane litt oftare enn vi har gjort fram til no. Kommunane vert også oppfordra til å kvalitetssikre at ein har rutinar på plass for svar på beredskapsvarsel, og til å drive eigenøving.

30.11.2017

AM